



Dato: 16.05.2014
Arkivref: 2013/945-5456/2014

Saksbeh.: Karl Johan Stadsnes

Saksnr	Utval	Møtedato
43/14	Nærings- og utviklingsutvalet	02.06.2014
51/14	Kommunestyret	17.06.2014

Kroken småkraftverk - Regndalen - Høyringsuttale til NVE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Sykkylven kommune varslar motsegn i høve planane om småkraftverk i Regndalen gjennom konsesjonssøknaden Kroken kraftverk SUS. Varsel om motsegn gjeld begge alternativa presentert i søknaden.

Hovudalternativet vil ha negativ effekt på landskapselementet Regndalsfossen. Dette er eit godt synleg landskapselement for både lokalbefolkning i Sykkylven og tilreisande. Landskapskvaliteten på Regndalsfossen og tilhøyrande fjellmassiv er av stor verdi. Regndalen er eit mykje brukt naturområde i friluftssamanheng. Sykkylven kommune har merka at det er stor motstand mot utbygging av Regndalselva.

I høve vurdering av samla inngrepsbelastning (SIB) er Regndalen omkransa av eksisterande inngrep. Her kan nemnast Riksheim kraftverk, Riksheimdal kraftverk, Drivdalselva kraftverk og Brunstad kraftverk. Går ein litt lenger har ein Trandal kraftverk over fjellet og det regulerte Nysætervatnet som også ligg i Sykkylven kommune jf oversendt kartgrunnlag frå NVE. Den samla inngrepsbelastninga i området er stor nok etter kommunen sitt skjønn. Tiltaket, både hovudalternativ og alt. 2 vil vere negativt med tanke på reduksjon av eit verdifullt landskapselement jf (Retningslinjer for utbygging av små kraftverk OED. 2007).

Bortfall av inngrepsfrie naturområder (INON) i samband med tiltaket vert 1,8 km² for hovudalternativet og 1.1 km² for alternativ 2. Dette vert vurdert som negativt med tanke på ein reduksjon av inngrepsfrie naturområder i kommunen.

Tiltaket vil ha negativ effekt på biologisk mangfald jf St.meld. nr. 42 (2000-2001) som skriv at; i omsynskrevjande naturtyper skal viktige økologiske funksjoner verte oppretthaldt. Innleidde feltbiologar fann prioriterte naturtyper, naturtypar og ein raudlista art i det omsøkte området. Dette gjaldt m.a. fosseeng, (NT), flommarksskog, kystmyr (høgmyr) og nordvendte kystberg med utforminga kystfjellhei.

Regndalen er det området i Møre og Romsdal kor ein har funne flest tuer av praktdraugmose. Denne står oppført som sårbar (VU) på den norske raudlista (2010). Rundt den øvste fossen vart det funne ein samanhengande populasjon på om lag 30 meter. Dette er svært uvanleg. Reduksjon av Regndalsfossen vil truleg medføre at levkåra til m.a. praktdraugmosa vert dårlegare. Ein viser her også til Naturmangfaldlova § 9 (føre-var prinsippet) som skal ligge til grunn i høve offentlege avgjerder som angår naturmangfaldet. (Holtan, D. & Larsen, P.G. 2013. Kroken kraftverk, Sykkylven. Virkninger på naturmiljø.).

Sykkylven kommune ynskjer at dei verdifulle landskapselementa Regndalen/Regndalselva/Regndalsfossen skal få anledning til å stå urørt i all sin naturprakt til glede for noverande og framtidige generasjonar. Grunngevinga for dette er samla inngrepsvurdering, landskapskvalitetar og dei registrerte naturverdiane i området. Konsesjonssøknaden til Kroken kraftverk

SUS vert på denne bakgrunn plassert i raud kategori. Dette er område kor kommunen ikkje ynskjer kraftutbygging.

Saksprotokoll frå møtet i Nærings- og utviklingsutvalet - 02.06.2014

Behandlingsinformasjon:

9 røysteføre

Det var synfaring i Regndalen – Kroken småkraftverk

Karl Johan Stadsnes orienterte og svara på spørsmål.

Utvalet drøfta saka.

Nærings- og utviklingsutvalet la fram slikt fellesforslag:

Sykkylven kommune er usikker på om det er ynskjeleg med etablering av småkraftverk i Regndalen gjennom konsesjonssøknaden Kroken kraftverk SUS.

Hovudalternativet kan ha negativ effekt på landskapselementet Regndalsfossen. Dette er eit godt synleg landskapselement for både folket lokalt og dei tilreisande. Den samla inngrepsbelastninga i området er allereie stor. I høve vurdering av samla inngrepsbelastning (SIB) er Regndalen omkransa av eksisterande inngrep. Her kan nemnast Riksheim kraftverk, Riksheimdal kraftverk, Drivdalselva kraftverk og Brunstad kraftverk. Går ein litt lenger har ein Trandal kraftverk over fjellet og det regulerte Nysætervatnet som også ligg i Sykkylven kommune jf oversendt kartgrunnlag frå NVE.

Tiltaket kan ha negativ effekt på biologisk mangfald, jfr. St. melding nr. 42.

Vi vil samtidig peike på at det er eit viktig tiltak med omsyn til utbyggjar sine primære oppgåver og foreslått vassføring kan vere tilstrekkeleg med omsyn til det visuelle.

Konsesjonssøknaden i høve Kroken småkraftverk Regndalen vert plassert i gul kategori.

Samrøystes vedtak: som forslaget frå Nærings- og utviklingsutvalet.

Nærings- og utviklingsutvalet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Sykkylven kommune er usikker på om det er ynskjeleg med etablering av småkraftverk i Regndalen gjennom konsesjonssøknaden Kroken kraftverk SUS.

Hovudalternativet kan ha negativ effekt på landskapselementet Regndalsfossen. Dette er eit godt synleg landskapselement for både folket lokalt og dei tilreisande. Den samla inngrepsbelastninga i området er allereie stor. I høve vurdering av samla inngrepsbelastning (SIB) er Regndalen omkransa av eksisterande inngrep. Her kan nemnast Riksheim kraftverk, Riksheimdal kraftverk, Drivdalselva kraftverk og Brunstad kraftverk. Går ein litt lenger har ein Trandal kraftverk over fjellet og det regulerte Nysætervatnet som også ligg i Sykkylven kommune jf oversendt kartgrunnlag frå NVE.

Tiltaket kan ha negativ effekt på biologisk mangfald, jfr. St. melding nr. 42.

Vi vil samtidig peike på at det er eit viktig tiltak med omsyn til utbyggjar sine primære oppgåver og foreslått vassføring kan vere tilstrekkeleg med omsyn til det visuelle.

Konsesjonssøknaden i høve Kroken småkraftverk Regndalen vert plassert i gul kategori.

Saksprotokoll frå møtet i Kommunestyret - 17.06.2014

Behandlingsinformasjon:

Steinar Johan Bakke og Jarle Strømmegjerde tok igjen sete, og vara gjekk frå.

Rådgivevar Karl Johan Stadsnes orienterte.

Kommunestyret drøfta saka.

Per Gunnar Holmberg (Krf) sette fram rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Sykkylven kommune varslar motsegn i høve planane om småkraftverk i Regndalen gjennom konsesjonssøknaden Kroken kraftverk SUS. Varsel om motsegn gjeld begge alternativ presentert i søknaden.

Hovudalternativet vil ha negativ effekt på landskapselementet Regndalsfossen. Dette er eit godt synleg landskapselement for både lokalbefolkning i Sykkylven og tilreisande. Landskapskvaliteten på Regndalsfossen og tilhøyrande fjellmassiv er av stor verdi. Regndalen er eit mykje brukt naturområde i friluftssamanheng. Sykkylven kommune har merka at det er stor motstand mot utbygging av Regndalselva.

I høve vurdering av samla inngrepsbelastning (SIB) er Regndalen omkransa av eksisterande inngrep. Her kan nemnast Riksheim kraftverk, Riksheimdal kraftverk, Drivdalselva kraftverk og Brunstad kraftverk. Går ein litt lenger har ein Trandal kraftverk over fjellet og det regulerde Nysætervatnet som også ligg i Sykkylven kommune jf oversendt kartgrunnlag frå NVE. Den samla inngrepsbelastninga i området er stor nok etter kommunen sitt skjønn. Tiltaket, både hovudalternativ og alt. 2 vil vere negativt med tanke på reduksjon av eit verdifullt landskapselement jf (Retningslinjer for utbygging av små kraftverk OED. 2007).

Bortfall av inngrepsfrie naturområder (INON) i samband med tiltaket vert 1,8 km² for hovudalternativet og 1.1 km² for alternativ 2. Dette vert vurdert som negativt med tanke på ein reduksjon av inngrepsfrie naturområder i kommunen.

Tiltaket vil ha negativ effekt på biologisk mangfald jf St.meld. nr. 42 (2000-2001) som skriv at; i omsynskrevjande naturtyper skal viktige økologiske funksjoner verte oppretthaldt. Innleidde feltbiologar fann prioriterte naturtyper, naturtypar og ein raudlista art i det omsøkte området. Dette gjaldt m.a. fosseeng, (NT), flommarksskog, kystmyr (høgmyr) og nordvendte kystberg med utforminga kystfjellhei.

Regndalen er det området i Møre og Romsdal kor ein har funne flest tuer av praktdraugmose. Denne står oppført som sårbar (VU) på den norske raudlista (2010). Rundt den øvste fossen vart det funne ein samanhengande populasjon på om lag 30 meter. Dette er svært uvanleg. Reduksjon av Regndalsfossen vil truleg medføre at levekåra til m.a. praktdraugmosa vert dårlegare. Ein viser her også til Naturmangfaldlova § 9 (føre-var prinsippet) som skal ligge til grunn i høve offentlege avgjerder som angår naturmangfaldet. (Holtan, D. & Larsen, P.G. 2013. Kroken kraftverk, Sykkylven. Virkninger på naturmiljø.).

Sykkylven kommune ynskjer at dei verdifulle landskapselementa Regndalen/Regndalselva/Regndalsfossen skal få anledning til å stå urørt i all sin naturprakt til glede for noverande og framtidige generasjonar. Grunngevinga for dette er samla inngrepsvurdering, landskapskvalitetar og dei registrerte naturverdiane i området. Konsesjonssøknaden til Kroken kraftverk SUS vert på denne bakgrunn plassert i raud kategori. Dette er område kor kommunen ikkje ynskjer kraftutbygging.

FRP la fram følgjande forslag til vedtak:

1. Sykkylven kommune er i utgangspunktet positive til etablering av småkraftverk. Slik etablering vil gi positive ringverknader for næringa i kommunen både under anleggsfasen og etter at anlegga er i drift. Etablering av småkraftverka vil styrke økonomien i landbruket og trygge drift av eksisterande bruk. Ei auka inntening vil bidra til å sikre arbeidsplassar og vedlikehalde kulturlandskapet.
2. For Kroken 1, hovudalternativet (øvre del): Sykkylven kommune finn det ikkje ønskeleg med etablering av småkraftverk i øvre del av Regndalen (hovudalternativet) gjennom konsesjonssøknaden til Kroken Kraftverk SUS.

Vidare som framlegget frå NU, men endre siste setninga:

Konsesjonssøknaden (hovudalternativet) i høve Kroken småkraftverk Regndalen vert plassert i raud kategori.

3. For Kroken 2, nedre alternativ: Sykkylven kommune ser at inngrepa i naturen ikkje blir nemneverdige og at dei visuelle inntrykka ved etablering av alt. 2, nedre Kroken, ikkje er av ein slik karakter at desse blir forringa.

Konsesjonssøknaden for alternativ 2, nedre Kroken, vert plassert i grøn kategori.

Steinar Myrseth (H) la fram slikt tilleggsforslag til tilrådinga frå NU:

Sykkylven kommune ber tiltakshavar, i samarbeid med NVE, om å finne den beste løysinga for gjennomføring av tiltaket.

Det vart halde gruppemøte.

Det vart røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak. 18 røysta for og 11 røysta imot. Framlegget til rådmannen vart vedteke.

Vedtak: som framlegget til rådmannen

Sykkylven kommune varslar motsegn i høve planane om småkraftverk i Regndalen gjennom konsesjonssøknaden Kroken kraftverk SUS. Varsel om motsegn gjeld begge alternativa presentert i søknaden.

Hovudalternativet vil ha negativ effekt på landskapselementet Regndalsfossen. Dette er eit godt synleg landskapselement for både lokalbefolkning i Sykkylven og tilreisande. Landskapskvaliteten på Regndalsfossen og tilhøyrande fjellmassiv er av stor verdi. Regndalen er eit mykje brukt naturområde i friluftssamanheng. Sykkylven kommune har merka at det er stor motstand mot utbygging av Regndalselva.

I høve vurdering av samla inngrepsbelastning (SIB) er Regndalen omkransa av eksisterande inngrep. Her kan nemnast Riksheim kraftverk, Riksheimdal kraftverk, Drivdalselva kraftverk og Brunstad kraftverk. Går ein litt lenger har ein Trandal kraftverk over fjellet og det regulerte Nysætervatnet som også ligg i Sykkylven kommune jf oversendt kartgrunnlag frå NVE. Den samla inngrepsbelastninga i området er stor nok etter kommunen sitt skjønn. Tiltaket, både hovudalternativ og alt. 2 vil vere negativt med tanke på reduksjon av eit verdifullt landskapselement jf (Retningslinjer for utbygging av små kraftverk OED. 2007).

Bortfall av inngrepsfrie naturområder (INON) i samband med tiltaket vert 1,8 km² for hovudalternativet og 1.1 km² for alternativ 2. Dette vert vurdert som negativt med tanke på ein reduksjon av inngrepsfrie naturområder i kommunen.

Tiltaket vil ha negativ effekt på biologisk mangfald jf St.meld. nr. 42 (2000-2001) som skriv at; i omsynskrevjande naturtyper skal viktige økologiske funksjoner verte oppretthaldt. Innleidde feltbiologar fann prioriterte naturtyper, naturtypar og ein raudlista art i det omsøkte området. Dette gjaldt m.a. fosseeng, (NT), flommarksskog, kystmyr (høgmyr) og nordvendte kystberg med utforminga kystfjellhei.

Regndalen er det området i Møre og Romsdal kor ein har funne flest tuer av praktdraugmose. Denne står oppført som sårbar (VU) på den norske raudlista (2010). Rundt den øvste fossen vart det funne ein samanhengande populasjon på om lag 30 meter. Dette er svært uvanleg. Reduksjon av Regndalsfossen vil truleg medføre at levekåra til m.a. praktdraugmosa vert dårlegare. Ein viser her også til Naturmangfaldlova § 9 (føre-var prinsippet) som skal ligge til

grunn i høve offentlege avgjerder som angår naturmangfaldet. (Holtan, D. & Larsen, P.G. 2013. Kroken kraftverk, Sykkylven. Virkninger på naturmiljø.).

Sykkylven kommune ynskjer at dei verdifulle landskapselementa Regndalen/Regndalselva/Regndalsfossen skal få anledning til å stå urørt i all sin naturprakt til glede for noverande og framtidige generasjonar. Grunngevinga for dette er samla inngrepsvurdering, landskapskvalitetar og dei registrerte naturverdiane i området. Konsesjonssøknaden til Kroken kraftverk SUS vert på denne bakgrunn plassert i raud kategori. Dette er område kor kommunen ikkje ynskjer kraftutbygging.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kroken kraftverk SUS søker NVE om konsesjon for å bygge og drifte Kroken småkraftverk. I den samanheng er Sykkylven kommune høyringspart.

Samandrag av Saksopplysningar

Kroken kraftverk SUS ynskjer å nytte eitt fall på 365 m i hovudalternativet. Råka elvestrekning vert estimert til 1400 meter. Maks slukeevne er oppgjeve til $1,85 \text{ m}^3/\text{s}$. Planlagt minstevassføring er 50 l/s om vinteren og 470 l/s om sommaren. Lengde på bora tunnel er 920 m. Installert effekt maks 5,49 MW. Produksjon årleg middel 17,4 GWh. Utbyggingspris 51,7 mill.kr. Årleg utbyggingspris; 2,97 kr/kWh. s.12.

Inntaksdammen er planlagt etablert på kote 425. Damhøgda vert 2 m – 2,5 m. Breidda på planlagt inntaksdammen er 14-16 meter. Neddemt areal kan verte 150 m^2 . For å redusere vedlikehaldet med inntaksdammen er det planlagt å nytte eit Coandainntak. Fiber og straumkabel til inntaket er planlagt lagt i terrenget eller gjennom framføring i tunnel om det er tilgjengeleg på byggetidspunktet. Ved sia av inntaket vil det verte anlagt ein betongkum på 4 x 6 meter med 4 meter djupne. Ca. 100 m^3 i volum. I denne vil det bli montert ei enkel tappeluke, konus og grovryst for å fange opp is som kan danne seg etter lengre tids driftstans. s. 18-21.

Kraftstasjonen vil bli eit frittståande bygg med saltak. Den skal romme ein generator på 5,49 (2,3) MVA, ein fleistråle pelton turbin på om lag $1,85 (2,05) \text{ m}^3/\text{s}$, lågspent koplingsanlegg for generator, naudsynte styreskap for kontrollanlegg /hjelpelanlegg og ein transformator på om lag 6 (2,5) MVA for transformering til 22 kV. Tal i parantes gjeld for alternativ 2. s. 21.

Til hovudalternativet vert det behov for om lag 540 meter ny veg og om lag 450 meter opprusting av eksisterande veg. Sjå figur. 2.2.8.1. Det er ikkje planlagt veg opp til inntaksdammen på kote 425.

For alternativ 2 vil vegen følgje eksisterande skogsveg fram til nydyrka areal og vidare i skog i skilje mellom to naturtypelokalitetar fram til kraftstasjonen. Veg til inntaksdammen for alt. 2 vil verte etablert i byggetida og etter kvart gro til og verte innsnevra til eit køyrespor. s.22.

Inntaksdammen er planlagt på kote 200 med røytrase og vegtrase ned til kraftstasjonen på kote 70. Råka elvestrekning er oppgjeve til 550 meter. Fallhøgda er 130 meter. Maks slukeevne $2,05 \text{ m}^3$. Minstevassføring sommar 470 l/s. Minstevassføring vinter 50 l/s. Diameter tilløpsrør 900 mm. Lengde på røytrase er 600 meter. Produksjon middel er oppgjeve til 7 GWh. Utbyggingskostnad 28,4 mill.kr. Årleg utbyggingspris 4,05 kr/kWh. s. 12.

Det botaniske samfunnet ved den øverste fossen i Regndalselva er ifølgje Holtan, D. eit viktig og svært sjeldan døme på førekomstar av ein særleg fuktkrevjande art i dei kystnære vassdraga i Møre og Romsdal. Dette bidreg truleg til vassdraget sine unike naturfaglege kvalitetar.

Praktdraugmosa høyrer til dei mest fuktkrevjande mosegruppene på fastmark. Funna inntil den øvste fossen, m.a. i den nær truga naturtypen fosseeng (NT) er spesielt interessant då mykje tyder på at dette

er det første funnet i Norge i denne naturtypen. Praktdraugmosa er ein av seks artar som står på overvakingsprogrammet til NTNU i høve studie knytt til klimaendringar og tekniske inngrep. (Holtan, D. & Larsen, P.G. 2013, Virkningar på naturmiljø, Kroken kraftverk, Sykkylven).

I følgje innleidd feltbiolog Dag Holtan er det beste for dei biologiske verdiane at området ikkje vert utsett for fysiske inngrep.

Rådmannen viser til konsesjonssøknad for Kroken kraftverk for utfyllande saksopplysningar då rådmannen sine saksopplysningar er svært samandragsprega.

Vurdering

Tiltaket vil vere positivt samfunnsøkonomisk for utbyggerane. Det vil og vere i tråd med fornybardirektivet med tanke på utvikling av grøn kraft.

Tiltaket vil medføre reduksjon i vassføringa i elva nedanfor inntaket. Tunnel i berg vil medføre mindre markinngrep enn tilførselsrør som er greve ned. Viktige naturtypar, landskapselement og geologiske verdiar vert rørt ved. Regndalen inngår i eit kvartærgeologisk verneverdig område av nasjonal verdi.

I høve vurdering av samla inngrepsbelastning (SIB) er Regndalen omkransa av eksisterande inngrep i tilstøytande dalføre. Her kan nemnast Riksheim kraftverk, Riksheimdal kraftverk, Drivdalselva kraftverk og Brunstad kraftverk. Går ein litt lenger har ein Trandal kraftverk over fjellet og det regulerte Nysætervatnet som også ligg i Sykkylven kommune jf oversendt kartgrunnlag frå NVE. Omsøkt tiltak, både hovudalternativ og alt. 2 vil vere negativt med tanke på reduksjon av landskapselement av stor landskapsmessig verdi etter rådmannen sitt skjønn jf (Retningslinjer for utbygging av små kraftverk (OED) 2007).

Kommunen har merka stor motstand mot denne utbygginga frå lokalbefolkninga. Konfliktgraden vert vurdert til høg. Regndalsfossen er også eit særskild vakkert landskapsmonument. Det er den største og mest markante fossen i Sykkylven kommune. Dette utanom når Riksheimfossen går med fullt overløp nokre få flaum dagar i året. (Regulert vassdrag).

Hovudalternativet vil redusere vassføringa i Regndalsfossen. Alternativ 2. vil gå gjennom ein naturtype av verdi B, samt vere landskapsmessig meir skjemmande med tanke på synleg veg, skjering og nedgrave rørtrase frå kote 200 til kote 70. Inntaket som vert anlagt i naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark vil verte synleg saman med rørtraseen. Her må det anleggast veg heilt opp til inntaket.

Regndalsfossen har stor verdi for biologisk mangfald. Innleidd feltbiologar fann prioriterte naturtyper, naturtypar og ein raudlista art. Dette gjaldt m.a. fosseeng, (NT), flommarksskog, kystmyr (høgmyr) og nordvendte kystberg med utforminga kystfjellhei. I Regndalen er det området i Møre og Romsdal kor ein har funne flest tuer av praktdraugmose. Denne står oppført som sårbar (VU) på den norske raudlista (2010). Rundt den øvste fossen vart det funne ein samanhengande populasjon på om lag 30 meter. Dette er i følgje feltbiolog Dag Holtan svært uvanleg. Reduksjon av Regndalsfossen vil truleg medføre at levekåra til praktdraugmosa vert dårlegare. Ein viser her også til Naturmangfaldlova § 9 (føre-var prinsippet) som skal ligge til grunn i høve offentlege avgjerder som angår naturmangfaldet. (Holtan, D. & Larsen, P.G. 2013. Kroken kraftverk, Sykkylven. Virkningar på naturmiljø.).

Retningslinjer for små vasskraftverk – Olje og Energidepartementet 2007

Olje- og energidepartementet (OED) har utarbeidd retningslinjer for korleis konsesjonshandsaminga til NVE vert i høve små vasskraftverk. Tema som OED vurderer som sentrale i verknader små kraftverk kan ha på miljøet er; verdifulle landskapselement, sårbare område i høgfjellet, fjordlandskap, biologisk mangfald, inngrepsfrie områder, fisk og fiske, kulturminne og kulturmiljø, friluftsliv og reiseliv kor landskapet eller naturen er ein vesentleg del av attraksjonen. Andre viktige tema er vurdering av samla inngrep i eitt område, EUs vassdirektiv, verna vassdrag og mogleg avbøtande tiltak ved utbygging av små kraftverk. Verdivurderinga vert inndelt i stor, middels eller liten verdi. Vurderinga sei ikkje alltid noko om konfliktnivået for og imot utbygging av eitt vassdrag. Ofte vil ei høg verdisetjing innanfor eitt eller fleire av undertema løyse ut ein del konflikt. (Retningslinjer for små vasskraftverk (OED) 2007).

Konfliktgrad/Samla inngrep i høve 5 søknadar om konsesjon for vasskraft

Konfliktgraden i høve Aurdal småkraftverk og Nedre Huna småkraftverk vert vurdert som relativt liten. Konfliktgraden i høve Gimsdalen småkraftverk vert vurdert som middels stor. Konfliktgraden i høve Kroken småkraftverk – Regndalen og Øvre Huna småkraftverk vert vurdert som stor. Dette samsvarar med verdisetjingane i angjeve tema i søknadene med vedlegg jf avsnitt ovanfor utarbeidd av Olje- og energidepartementet.

Rådmannen sitt framlegg til høyringsuttale gir grøn kategori til 2 småkraftverkssøknader (Ja), gul kategori til 1 konsesjonssøknad (Usikker) og raud kategori til 2 konsesjonssøknader (Nei) når ein vurderer samla inngrepsbelastning for dei ulike områda jf verdisetjingstematikk i retningslinjer for små vasskraftverk (OED) 2007. Nærings- og utviklingsutvalet (tilråding) og Kommunestyret (vedtak om offisiell kommunal uttale til NVE) står fritt til å endre dette slik dei folkevalte ynskjer.

Oppsummering Kroken småkraftverk – Regndalen

Samla sett vil tiltaka ha middels negativ konsekvens for natur og miljø. Når rådmannen ser på samla inngrep i området, naturkvalitetane, Regndalsfossen, friluftaktivitetane, og dei landskapsmessige og geologiske kvalitetane i området bør ein la dette vassdraget få anledning til å stå urørt i all sin naturprakt for generasjonane som kommer etter oss. Konsesjonssøknaden til Kroken kraftverk SUS vert av rådmannen sett i kategori raudt. Dette er område kor kommunen ikkje ynskjer utbygging av vasskraft.

Økonomiske konsekvensar

Lite/ingen for kommunen. Positiv for fallrettshavarar og utbygger i vassdraget. (Hovudalternativ). Det er uvisst om alt. 2 vert samfunnsøkonomisk positivt med tanke på 4,05 kr/kWh utbyggingspris kWh (år).

Eldrid Sourza
rådmann

Bjarte Hovland
einingsleiar

Karl Johan Stadsnes
rådgjevar miljø og landbruk